1

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 — Fylke: Austfold

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Varteig

Emne: Brynet — Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Molaug — Gard: Bergsland.

(adresse): Norsk Folkemuseum — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Julius Bergsland, bonde, fødd 1867 på Knatterud i Varteig

SVAR

1. "Bryne" er det vanlege ordet. "Senner" bruka dei til å "bryne" "jaaane" med. Ikkje hein.

2. Støypte bryner nå. Kjøpte sennene hjå jernhandlarane før.

3. Slipte nå slipestein. Før såg ein aldri at nokon slipa jaen. Bare "brynte" då. Hadde slipestein og slipte øksar og tollekniver og slikt på den. Barberknivar og finare verktøy brynte dei også.

4. Ikkje bryning.

5. Ikkje stor flat stein. Senna var stor og breid. Det vart så fin egg av den, betre enn sliping.



"Graset kunne "stå" etter det var slege."

6. sjå 3.

Senna låg heime og dei brynte kvar bete. Sat og brynte på tunet. Hadde ikkje bryne med seg ute på enga.

7. Derimot hadde dei med seg

27

1065

"strykestikke". Sume kalla den "smeikestikke" men det siste er noko yngre. Den var av eik. Dei hadde prikka inn fullt av hol i den og hadde den sanna som låg alt på brynninga med senna på stikka. Hadde prikka hola med ein "sul"



9. Ørvet låg på tvers og jaen stod oppetter med venstre skuldra når dei sat og brynte.

Hadde "brynar" til tollekniven og øksar. Bruka aldri senna til dei.

19 Spytta på brynet eller dyppa i vatten.

I seinare tid bruka dei å ta med seg senna ut på enga og åkerdøa når den var utsliten. Hadde den i lumma då.

1065
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING